



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo



Vår ref.:201108485

Dykkar ref.:201101650-/ABH

Bergen, 14. oktober 2011

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT TIL OPPLÆRINGSLOVA KAPITTEL 13 OPPFØLGINGSTENESTE I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Vi viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet den 05.07.2011.

Høyringsuttalen frå Hordaland fylkeskommune er dagsett 18.08.2011. Saka er politisk behandla og vedteke i Opplærings- og helseutvalet den 04.10.2011 og i Fylkesutvalet den 13.10.2011. Saka følgjer vedlagt.

I det følgjande vert det under kva paragraf i forskrifta vist til gjeldande rett, Kunnskapsdepartementet sitt forslag til endring, og sist til Hordaland fylkeskommune si uttale til forslaget.

§ 13-1 Formål

Gjeldande rett

Formålet med oppfølgingstenesta er å sørge for at all ungdom som høyrer til målgruppa, jf. § 13-2, får tilbud om opplæring, arbeid eller anna sysselsetting.

Tilbod som blir formidla gjennom oppfølgingstenesta, skal primært ta sikte på å føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller kompetanse på lågare nivå innanfor vidaregåande opplæring.

Oppfølgingstenesta kan også arbeide for å redusere fråfallet frå vidaregåande opplæring gjennom samarbeid med rådgivingstenesta i grunnskole og vidaregåande opplæring.

Kunnskapsdepartementet sitt forslag til endring

Departementet beheld gjeldande formuleringar § 13-1, men foreslår å erstatte omgrepet "*anna sysselsetting*" med "*andre kompetansehevande tiltak*".

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til forslaget til endring. Det vert i departementet si grunngjeving vist til at det er ei overordna målsetjing i oppfølgingstenesta sitt arbeid at tiltaka som tilbydast bidrar til å styrke kompetansen til den som deltek i tiltaket. Det er eit mål at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring. Systematisk rettleiing og samarbeid både med skole og NAV om å motivere ungdommen til vidare opplæring og formell kompetanse meiner vi må så sentralt.

§ 13-2 Målgruppe

Gjeldande rett

Målgruppa for oppfølgingstenesta er ungdom som er omfatta av den lovfesta retten til vidaregåande opplæring, og som det aktuelle skoleåret

- a) ikkje har søkt eller teke imot elev- eller læreplass, eller
- b) avbryt slik opplæring, eller
- c) ikkje er i arbeid, eller
- d) har tapt retten som følgje av vedtak om bortvising med heimel i opplæringslova §3-8 eller som følgje av vedtak om heving av lærekontrakt i samsvar med opplæringslova §4-6.n

Kunnskapsdepartementet sitt forslag til endring

Departementet foreslår ingen endringar i gjeldande formulering om målgruppa, men har føydd til *heving av opplæringskontrakt* som alternativ, i samsvar med henvisinga til opplæringslova § 4-6.

Hordaland Fylkeskommune sluttar seg til forslaget om å ta med heving av opplæringskontrakt på line med lærekontrakt.

§ 13-3 Oppgaver

Gjeldande rett

Fylkeskommunane skal gjennom oppfølgingstenesta sørge for

- a) å ha oversikt over målgruppa som er definert i § 13-2
- b) ar det blir teke kontakt med kvar enkelt ungdom i målgruppa
- c) at alle i målgruppa får tilbod om rettleiing
- d) at alle i målgruppa får tilbod i samsvar med § 13-1
- e) å ha oversikt over aktuelle tilbod for målgruppa og
- f) å følgje opp ungdom som har teke imot tilbod gjennom oppfølgingstenesta

Ungdom i målgruppa som ikkje tek imot tilbod gjennom oppfølgingstenesta, og som ikkje er i utdanning eller arbeid, skal kontaktas og få tilbod kvart skoleår så lenge dei er omfatta av den lovfesta retten til vidaregåande opplæring.

Registrering av ungdom som høyrer til ansvarsområdet for oppfølgingstenesta og som tenesta formidlar tilbod til, skjer gjennom heile året.

Kunnskapsdepartementet sitt forslag til endring

Fylkeskommunen skal gjennom oppfølgingstenesta sørge for

- a) å ha oversikt over *alle* i målgruppa, jf. § 13-2, og *aktuelle tilbod for målgruppa*. *Registrering av ungdom som høyrer til ansvarsområdet for oppfølgingstenesta, og som tenesta formidlar tilbod til, skjer gjennom heile året.*
- b) *gi skriftleg informasjon til alle i målgruppa om kva rettar dei har. Føresette til ungdom som ikkje er myndig skal ha same informasjon.*
- c) *etablere kontakt med kvar enkelt ungdom i målgruppa med sikte på rettleiing og oppfølging*
- d) *gi alle i målgruppa tilbod i samsvar med § 13-1, eventuelt i samarbeid med andre aktørar*
- e) *etter behov følgje opp ungdom som har teke imot tilbod gjennom oppfølgingstenesta gjennom ei eller fleire veiledningssamtaler.*

Pliktene her gjeld så lenge ungdommen er i målgruppa for oppfølgingstenesta.

Hordaland fylkeskommune støtter forslaget om å presisere innhaldet i oppfølgingstenesta sine oppgaver og kva rettigheter ungdommen har. Slik forskrifta har vore formulert tidlegare, har det vore rom for ulike tolkingar som igjen har ført til ulikebehandling av OT-ungdom i fylka.

Vi har likevel ein merknad til *pkt. d* der det står at fylkeskommunen gjennom oppfølgingstenesta skal sørge for å gi alle i målgruppa tilbod i samsvar med § 13-1, eventuelt i samsvar med andre aktørar. Oppfølgingstenesta er etter gjeldande forskrift ikkje pålagt å ha egne tiltak, men skal koordinere og ha ein formidlande funksjon. Vi kan tenkje oss ei presisering som klargjer at fylkeskommunen kan vere ein tiltaksansvarleg også for OT-ungdom, eventuelt i samarbeid med andre aktørar. Dette vil og henge saman med den vektinga som grunnkompetanse har fått i Kunnskapsdepartementet sitt forslag til endring av forskrifta.

I høyringsbrevet frå Kunnskapsdepartementet er rollene i dette illustrert slik:

“Oppfølgingstjenesten bør i større grad informere om og fylkeskommunen i større grad tilby, opplæring mot grunnkompetanse. Dette for de ungdommene i målgruppa som i dag ikke kan nyttiggjøre seg tilbud om videregående opplæring mot full kompetanse. Dette krever utstrakt samarbeid med skolene, som er den instans som kan legge til rett for, og tilby, grunnkompetanse til ungdom i målgruppa.”

Hordaland fylkeskommune foreslår alternativ formulering av pkt.d:

- d) *gi alle i målgruppa eit fylkeskommunalt tilbod i samsvar med § 13-1, eller eit tilbod i regi av eller i samarbeid med NAV eller andre aktørar.*

§ 13-4 Samarbeid og samordning

Gjeldande rett

Oppfølgingstenesta skal sikre tverretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar som har ansvar for målgruppa, og formidle, eventuelt samordne, tilbod frå ulike instansar. Aktuelle instansar for samarbeid er særleg grunnskolane og dei vidaregåande skolane og rådgivarane der, den pedagogisk-psykologiske tenesta, opplæringsadministrasjonen i fylkeskommunen, arbeidsmarknadsetaten og sosial- og helseetaten.

Kunnskapsdepartementet sitt forslag til endring

Oppfølgingstenesta skal sikre tverretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar som har ansvar for målgruppa, og formidle, eventuelt samordne, tilbod frå ulike instansar. Aktuelle instansar for samarbeid er særleg grunnskolane og dei vidaregåande skolane og rådgivarane der, den pedagogisk-psykologiske tenesta, opplæringsadministrasjonen i fylkeskommunen og NAV.

Oppfølgingstenesta kan bistå dei skolane som ønskjer det, i arbeidet med å redusere fråfallet frå vidaregåande opplæring gjennom samarbeid med rådgivarane i grunnskole og vidaregåande opplæring.

Hordaland fylkeskommune sluttar opp om forslaget til endring i første avsnitt..

Det siste avsnittet er nytt og opnar for at oppfølgingstenesta kan, men ikkje skal, bistå rådgivarar i grunnskole og vidaregåande skole for å redusere fråfallet. Slik føringane er gitt i Ny GIV Oppfølgingsprosjektet i brev til fylkeskommunane 09.11.2010, skal skolane leggje til rette for tidleg involvering av oppfølgingstenesta ved at det vert halde avslutningssamtaler og underteikna oppfølgingsavtaler i samarbeid med oppfølgingstenesta og andre instansar, *før* elevane formelt vert skrivne ut av skolen. Vi ser dette som ein del av det førebyggjande arbeidet på skolen, og at ein avslutningssamtale like mykje kan vere ei avklaringssamtale som kan gjere at eleven *ikkje* sluttar på skolen, men i staden får eit alternativt tilbod eller opplegg som gjer at han/ho framleis kan ha elevstatus. Vi ser at oppfølgingstenesta sin kompetanse kan vere viktig i slike tilfelle.

Når departementet sitt forslag over seier *kan* og ikkje skal i § 13-4 andre ledd, kan dette igjen gi rom for ulike tolkingar av oppfølgingstenesta sine oppgåver. Ei klargjering av dette er naudsynt for korleis fylkeskommunen skal innrette ressursane til bruk i OT-arbeidet.

Inger Øvshus Tønder
Inger Øvshus-Tønder
Opplæringsdirektør

Nina Ludvigsen
Nina Ludvigsen
OT/PPT-sjef

Vedlegg:

- Saksframlegg til politiske utval i Hordaland fylkeskommune



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga

Arkivsak 201108485-2
Arkivnr. 500
Saksh. Nina Ludvigsen

Saksgang	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	04.10.2011
Fylkesutvalet	13.10.2011

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT TIL OPPLÆRINGSLOVA KAPITTEL 13 OPPFØLGINGSTENESTE I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet vart lagt ut på departementet sine heimesider den 5.juli. Fristen for å koma med høyringsuttale er den 31.oktober. I denne saka gir Fylkesrådmannen uttale til dei enkelte punkta i Kunnskapsdepartementet sine forslag til endringar i Forskrift til opplæringslova § 13 oppfølgingsteneste i vidaregåande opplæring.

Partnerskapet i Ny GIV, målet om betre gjennomføring i vidaregåande opplæring og eit felles data- og statistikkgrunnlag for å nå måla, fører etter Kunnskapsdepartementet si vurdering til eit behov for presiseringar i forskriftsbestemmelsen om oppfølgingstenesta.

Forslaget frå Kunnskapsdepartementet inneheld i hovudsak presiseringar av gjeldande rett, og er utarbeidd innanfor gjeldande rammer i opplæringslova § 3-6 andre ledd.

FORSLAG TIL INNSTILLING

Hordaland fylkeskommune støttar forslag til endringar i forskrift til opplæringslova kapittel 13 i dei følgjande paragrafane:

1. § 13-1 Formål
2. § 13-2 Målgruppe

Hordaland fylkeskommune har kommentarar til endring i dei følgjande paragrafane:

1. § 13-3 Oppgåver

Hordaland fylkeskommune foreslår alternativ formulering av pkt.d:

”Gi alle i målgruppa eit fylkeskommunalt tilbod i samsvar med § 13-1, eller eit tilbod i regi av eller i samarbeid med NAV eller andre aktørar”.

2. § 13-4 Samarbeid og samordning

Kunnskapsdepartementet sitt forslag er uklart når det gjeld føringar for oppfølgingstenesta sin innsats i grunn- og vidaregåande skule. Ei klargjering er viktig for korleis fylkeskommunen skal innrette ressursar retta mot OT-arbeidet.

Paul M. Nilsen
fylkesrådmann

Inger Øvsthus Tønder
opplæringsdirektør

Vedlegg: Høyringsnotat frå Kunnskapsdepartentet

FYLKESRÅDMANNEN 18.08.2011:

Bakgrunn

Høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet vart lagt ut på departementet sine heimesider den 5.juli. Fristen for å komme med høyringsuttale er den 31.oktober. Forslaget frå Kunnskapsdepartementet inneheld i hovudsak presiseringar av gjeldande rett, og er utarbeidd innanfor gjeldande rammer i opplæringslova § 3-6 andre ledd.

Gjennom partnerskapet i Ny GIV er det eit mål å etablere eit varig samarbeid mellom stat, fylkeskommunar og kommunar for å betre elevar og lærlingar sine føresetnader for å fullføre vidaregåande opplæring. Hovudtema for samarbeidet er:

- Felles mål for å betre gjennomføring av vidaregåande opplæring, og eit felles data- og statistikkgrunnlag for å klare måloppnåinga
- Eit systematisk samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar om oppfølging av elevar med svake faglege prestasjonar og føresetnader
- Betre samarbeid mellom fylkeskommune og NAV om ungdom som over tid har vore ute av utdanning og arbeidsliv
- Styrking av oppfølgingstenesta i fylkeskommunen

Etter Kunnskapsdepartementet si vurdering fører dette til eit behov for presiseringar i forskriftsbestemmelsen om oppfølgingstenesta og å gjere tenesta si rolle tydelegare.

I det følgjande vert det under kvar paragraf i forskrifta vist til gjeldande rett, Kunnskapsdepartementet sitt forslag til endring, og sist til Hordaland fylkeskommune si uttale til forslaget.

§ 13-1 Formål

Gjeldande rett

Formålet med oppfølgingstenesta er å sørje for at all ungdom som høyrer til målgruppa, jf. § 13-2, får tilbod om opplæring, arbeid eller anna sysselsetjing.

Tilbod som blir formidla gjennom oppfølgingstenesta, skal primært ta sikte på å føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller kompetanse på lågare nivå innanfor vidaregåande opplæring.

Oppfølgingstenesta kan også arbeide for å redusere fråfallet frå vidaregåande opplæring gjennom samarbeid med rådgivingstenesta i grunnskole og vidaregåande opplæring.

Kunnskapsdepartementet sitt forslag til endring

Departementet beheld gjeldande formuleringar § 13-1, men foreslår å erstatte omgrepet "*anna sysselsetting*" med "*andre kompetansehevande tiltak*".

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til forslaget til endring. Det vert i departementet si grunngeving vist til at det er ei overordna målsetjing i oppfølgingstenesta sitt arbeid at tiltaka som vert tilbydd fører til å styrke kompetansen til den som deltek i tiltaket. Det er eit mål at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring. Systematisk rettleiing og samarbeid både med skole og NAV om å motivere ungdommen til vidare opplæring og formell kompetanse meiner vi må stå sentralt.

§ 13-2 Målgruppe

Gjeldande rett

Målgruppa for oppfølgingstenesta er ungdom som er omfatta av den lovfesta retten til vidaregåande opplæring, og som det aktuelle skoleåret

- a) ikkje har søkt eller teke imot elev- eller læreplass, eller
- b) avbryt slik opplæring, eller
- c) ikkje er i arbeid, eller
- d) har tapt retten som følgje av vedtak om bortvising med heimel i opplæringslova §3-8 eller som følgje av vedtak om heving av lærekontrakt i samsvar med opplæringslova §4-6.n

Kunnskapsdepartementet sitt forslag til endring

Departementet foreslår ingen endringar i gjeldande formulering om målgruppa, men har føydd til heving av opplæringskontrakt som alternativ, i samsvar med henvisinga til opplæringslova § 4-6.

Hordaland Fylkeskommune sluttar seg til forslaget om å ta med heving av opplæringskontrakt på line med lærekontrakt.

§ 13-3 Oppgåver

Gjeldande rett

Fylkeskommunane skal gjennom oppfølgingstenesta sørge for

- a) å ha oversikt over målgruppa som er definert i § 13-2
- b) at det blir teke kontakt med kvar enkelt ungdom i målgruppa
- c) at alle i målgruppa får tilbod om rettleiing
- d) at alle i målgruppa får tilbod i samsvar med § 13-1
- e) å ha oversikt over aktuelle tilbod for målgruppa og
- f) å følgje opp ungdom som har teke imot tilbod gjennom oppfølgingstenesta

Ungdom i målgruppa som ikkje tek imot tilbod gjennom oppfølgingstenesta, og som ikkje er i utdanning eller arbeid, skal kontaktast og få tilbod kvart skoleår så lenge dei er omfatta av den lovfesta retten til vidaregåande opplæring.

Registrering av ungdom som høyrer til ansvarsområdet for oppfølgingstenesta og som tenesta formidlar tilbod til, skjer gjennom heile året.

Kunnskapsdepartementet sitt forslag til endring

Fylkeskommunen skal gjennom oppfølgingstenesta sørge for

- a) å ha oversikt over *alle* i målgruppa, jf. § 13-2, og *aktuelle tilbod for målgruppa*. *Registrering av ungdom som høyrer til ansvarsområdet for oppfølgingstenesta, og som tenesta formidlar tilbod til, skjer gjennom heile året.*
- b) *gi skriftleg informasjon til alle i målgruppa om kva rettar dei har. Føresette til ungdom som ikkje er myndig skal ha same informasjon.*
- c) *etablere kontakt med kvar enkelt ungdom i målgruppa med sikte på rettleiing og oppfølging*
- d) *gi alle i målgruppa tilbod i samsvar med § 13-1, eventuelt i samarbeid med andre aktørar*
- e) *etter behov følgje opp ungdom som har teke imot tilbod gjennom oppfølgingstenesta gjennom ei eller fleire veiledningssamtaler.*

Pliktene her gjeld så lenge ungdommen er i målgruppa for oppfølgingstenesta.

Hordaland fylkeskommune støtter forslaget om å presisere innhaldet i oppfølgingstenesta sine oppgåver og kva rettar ungdommen har. Slik forskrifta har vore formulert tidlegare, har det vore rom for ulike tolkingar som igjen har ført til ulikebehandling av OT-ungdom i fylka.

Vi har likevel ein merknad til *pkt. d* der det står at fylkeskommunen gjennom oppfølgingstenesta skal sørje for å gi alle i målgruppa tilbod i samsvar med § 13-1, eventuelt i samsvar med andre aktørar. Oppfølgingstenesta er etter gjeldande forskrift ikkje pålagt å ha egne tiltak, men skal koordinere og ha ein formidlande funksjon. Vi kan tenkje oss ei presisering som klargjer at fylkeskommunen kan vere ein tiltaksansvarleg også for OT-ungdom, eventuelt i samarbeid med andre aktørar. Dette vil og henge saman med den vektinga som grunnkompetanse har fått i Kunnskapsdepartementet sitt forslag til endring av forskrifta.

I høyringsbrevet frå Kunnskapsdepartementet er rollene i dette illustrert slik:

"Oppfølgingstjenesten bør i større grad informere om og fylkeskommunen i større grad tilby, opplæring mot grunnkompetanse. Dette for de ungdommene i målgruppa som i dag ikke kan nyttiggjøre seg tilbud om videregående opplæring mot full kompetanse. Dette krever utstrakt samarbeid med skolene, som er den instans som kan legge til rett for, og tilby, grunnkompetanse til ungdom i målgruppa."

Hordaland fylkeskommune foreslår alternativ formulering av pkt.d:

- d) gi alle i målgruppa eit fylkeskommunalt tilbod i samsvar med § 13-1, eller eit tilbod i regi av eller i samarbeid med NAV eller andre aktørar.*

§ 13-4 Samarbeid og samordning

Gjeldande rett

Oppfølgingstenesta skal sikre tverretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar som har ansvar for målgruppa, og formidle, eventuelt samordne, tilbod frå ulike instansar. Aktuelle instansar for samarbeid er særleg grunnskolane og dei vidaregåande skolane og rådgivarane der, den pedagogisk-psykologiske tenesta, opplæringsadministrasjonen i fylkeskommunen, arbeidsmarknadsetaten og sosial- og helseetaten.

Kunnskapsdepartementet sitt forslag til endring

Oppfølgingstenesta skal sikre tverretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar som har ansvar for målgruppa, og formidle, eventuelt samordne, tilbod frå ulike instansar. Aktuelle instansar for samarbeid er særleg grunnskolane og dei vidaregåande skolane og rådgivarane der, den pedagogisk-psykologiske tenesta, opplæringsadministrasjonen i fylkeskommunen og NAV.

Oppfølgingstenesta kan bistå dei skolane som ønskjer det, i arbeidet med å redusere fråfallet frå vidaregåande opplæring gjennom samarbeid med rådgivarane i grunnskole og vidaregåande opplæring.

Hordaland fylkeskommune sluttar opp om forslaget til endring i første avsnitt..

Det siste avsnittet er nytt og opnar for at oppfølgingstenesta kan, men ikkje skal, bistå rådgivarar i grunnskole og vidaregåande skole for å redusere fråfallet. Slik føringane er gitt i Ny GIV Oppfølgingsprosjektet i brev til fylkeskommunane 09.11.2010, skal skolane leggje til rette for tidleg involvering av oppfølgingstenesta ved at det vert halde avslutningssamtaler og underteikna oppfølgingsavtaler i samarbeid med oppfølgingstenesta og andre instansar, *før* elevane formelt vert skrivne ut av skolen. Vi ser dette som ein del av det førebyggjande arbeidet på skolen, og at ein avslutningssamtale like mykje kan vere ein avklaringssamtale som kan gjere at eleven *ikkje* sluttar på skolen, men i staden får eit alternativt tilbod eller opplegg som gjer at han/ho framleis kan ha elevstatus. Vi ser at oppfølgingstenesta sin kompetanse kan vere viktig i slike tilfelle.

Når departementet sitt forslag over seier *kan* og ikkje skal i § 13-4 andre ledd, kan dette igjen gi rom for ulike tolkingar av oppfølgingstenesta sine oppgåver. Ei klargjering av dette er naudsynt for korleis fylkeskommunen skal innrette ressursane til bruk i OT-arbeidet.

Røysting

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

Hordaland fylkeskommune støttar forslag til endringar i forskrift til opplæringslova kapittel 13 i dei følgjande paragrafane:

1. § 13-1 Formål
2. § 13-2 Målgruppe

Hordaland fylkeskommune har kommentarar til endring i dei følgjande paragrafane:

1. § 13-3 Oppgåver

Hordaland fylkeskommune foreslår alternativ formulering av pkt.d:

”Gi alle i målgruppa eit fylkeskommunalt tilbod i samsvar med § 13-1, eller eit tilbod i regi av eller i samarbeid med NAV eller andre aktørar”.

2. § 13-4 Samarbeid og samordning

Kunnskapsdepartementet sitt forslag er uklart når det gjeld føringar for oppfølgingstenesta sin innsats i grunn- og vidaregåande skule. Ei klargjering er viktig for korleis fylkeskommunen skal innrette ressursar retta mot OT-arbeidet.